

Vik skule og barnehage  
5568 Vikebygd  
Vikevegen 1266  
Tlf. Skule: 53655730  
Barnehage: 53655739  
Dato: 20.09.16



## Referat frå møte i samarbeidsutvalet Vik skule og barnehage 20.09.16

Desse møtte:

2 elevrepresentantar: Vilde H. Tindeland og Undine H. Tindeland

Frå FAU på skulen: Gudvin Hetland og Ole Petter Bjerga

Frå undervisningspersonalet: Judith Gundersen

Frå foreldrerådet i barnehagen: Lina Fisk Eide og Cathrine H. Tindeland

Frå tilsette i barnehagen: Ellen Skretteberg og Anne Byrkja

For kommunen : Anne Marte W. Tveit og Johannes Hustveit

### SAKSLISTE:

#### **Sak 1 Orientering om arbeidet i samarbeidsutvalet**

Ved kvar skule skal det vere eit samarbeidsutval med representantar frå tilsette, foreldre, elevar og kommunen. Ved Vik skule og barnehage er det felles samarbeidsutval for skulen og barnehagen. Anne Marte orienterte om arbeidet i samarbeidsutvalet (SU). SU har rett til å uttala seg om alle saker som gjeld skulen eller barnehagen. Det er SU som er høyringsinstans for saker frå kommunen.

#### **Sak 2 Konstituering Val av leiar og nestleiar.**

Gudvin Hetland blei valt til leiar

Lina Fisk Eide blei valt til nestleiar

#### **Sak 3 Godkjenning av årsplan for barnehagen**

Anne Byrkja gjekk gjennom årsplanen for barnehagen. Ho orienterte mellom anna om satsingsområda «Vere saman» og «Dei yngste barna». I Vikebygd barnehage har me i år valt å ha ekstra fokus på å vera ein ven, å få ein ven og å behalda ein ven.

Det blei tatt opp at det var viktig å presisera at barn som ikkje hadde besteforeldre som kunne vera med på besteforeldrefest kunne ha med seg andre vaksne. Dette var barnehagen merksam på og ein hadde og nytta personalet som «gjest» for barn som ikkje hadde nokon å invitere.

Årsplanen blei godkjent.

#### **Sak 4 Diverse orienteringssaker**

- iPad

Alle elevane på 5. trinn i Vindafjord kommune skal nå få iPad til bruk i undervisning og heimearbeid. På ein del skular får også 6. og 7. klasse iPad nå i haust.

Hos oss får alle elevane i 5.-7. klasse iPad nå, og me skal ha opplæring i dette den 3.-5. oktober.

- Satsingsområde for skulen

«Vurdering for læring» er framleis satsingsområde for skulen. Me har i fleire år også hatt «Læringsstrategiar» som satsingsområde, men dette er nå blitt ein fast del av planane for skulen. Elevrepresentantane Undine H. Tindeland og Vilde H. Tindeland kom med gode døme

på kva tid og korleis dei brukte ulike læringsstrategiar som t.d. BISON- overblikk, tankekart og VØL-skjema.

- I 2007 vedtok SU og kollegiet på skulen i samarbeid rulleringsplan for lokale tema på skulen. Dette fungerer godt og me vil halde fram med dei same tema som me har hatt.

Tema i år: "Vindafjord kommune"

Kulturettermiddag blir 23.02.2017. .

- Me har stabilt og godt kvalifisert personale i eininga.
- Elevtalet går nedover for kvart år nå. I 2021/2022 ser det ut for at talet blir urovekkjande lågt.

## **Sak 5 Høyring om endring i opningstider for kommunale barnehagar i Vindafjord.**

### TAL BARN SOM NYTTAR BARNEHAGETILBOD FØR 07.00 OG ETTER 16.30

I Vikebygd barnehage er det 6-7 barn som nyttar barnehagetilbodet frå kl. 06.45 om morgonen. Det er no eit barn som nyttar barnehagetilbodet etter kl. 16.30 om ettermiddagen. Då det ikkje er behov for å ha ope stenger me barnehagen kl. 16.30 ein dag i veka.

### UTALE FRÅ SAMARBEIDSUTVALET PÅ VIK SKULE OG BARNEHAGE

Samarbeidsutvalet på Vik skule og barnehage meiner at barnehagen bør opne kl. 06.45. om morgonen. Det er mange som leverer barna mellom kl. 06.45 og 07.00. Det er også barn som nyttar morgon-SFO og kjem på denne tida. Me veit og at det er vanskeleg å få hjelp til barnepass så tideleg på morgonen.

Me meiner at barnehagen kan stenge kl. 16.30, og at ein då kan nytte personalet betre den tida det er mange barn i barnehagen. Hos oss er det sers få som nyttar opningstida mellom kl. 16.30 og 17.00. Me meiner det er mogleg å få til andre ordningar med henting og pass om ein har behov for dette på ettermiddagstid.

SFO stenger også kl. 16.30 og det er naturleg å stenge på same tid. Dette vil også betre tryggleiken då den som har siste vakta i barnehagen (utanom skuleferiane) ikkje er aleine på eininga slik dei er nå mellom kl. 16.30 og 17.00.

## **Sak 6 Framlegg til skulerut for 2017-2018**

Samarbeidsutvalet var samde i framlegget til skulerute for 2017-2018.

## **Sak 7 Budsjettsituasjonen**

Budsjettsituasjonen ved eininga er OK.

## **Sak 8 Evaluering av feriestenging i kommunale barnehagar sommaren 2016**

Kommunen stengte sine barnehagar i veke 29 og 30, men hadde ope for barn med «absolutt behov for plass».. SU har gjort denne evalueringa av ordninga:

### *1. Økonomi*

Me veit ikkje sikkert om ønska effekt i høve til budsjett er nådd. Trur reinhald og teknisk avd. sparar meir enn det som er sett opp.

### *2. Konsekvenser/effekt*

- Det er ikkje ei god løysing for dei minste barna å måtte skifte barnehage.
- Viktig med god tilvenning for dei som må skifte barnehage
- Må i størst mogleg grad vere personell med frå eigen barnehage

- Ein av konsekvensene kan vere at foreldra ikkje har felles ferie. Dette går utover barna.
- Reknar med at ein får eit betre barnehagetilbod resten av året
- Har ofte vore sers få barn i barnehagen i desse vekene. Lite lekelaag og stort ansvar å vere aleine tilsett på jobb mykje av dagen.
- Teknisk avd. får nokre veker der dei kan fikse opp og «arbeide i fred» i mange av barnehagane
- Slepp stort sett å bruke ferievikarar.

### *3. Kva kan gjerast betre*

- Barna kan møte i eigen barnehage og kjøre saman med tilsett til annan barnehage. Bli henta av foreldre i annan barnehage.

### *4. Konklusjon*

- I utgangspunktet er dette ikkje ei ønska løysing, men me meiner likevel det etter samla vurdering er akseptabelt. Det er viktig at det ikkje blir feriestengt i meir enn to veker. To veker stenging gir ei god fordeling av tidleg og sein ferie for både tilsette og barn. Me trur storparten av den økonomiske innteninga blir tatt inn med å stenge i to veker og at dette er akseptabelt både for føresette og tilsette.

## **Sak 8 Ymse**

- «Hei Verden»

På Skjold skule deltek ein kvar haust i aksjonen «Hei verden». Elevane som har gått på barneskulen i Skjold er godt kjende med dette. Ein ønskjer at elevar og føresette frå Vats og Vik får meir info om kva aksjonen går ut på og kva pengane går til. Dette bør difor inn som ein del av det Skjold skule informerer elevar og føresette om på våren i 7. klasse.

**Anne Marte W.Tveit**

*skrivar*